

BOKN BYGDABLAD

NR 3 - APRIL 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

FLYKTINGAR TIL BOKN?

Utlendingsdirektoratet har i siste del av mars kome med skriftleg forespurnad til Bokn kommune om å ta imot flyktingar i 1994.

Kommunane i Rogaland har vore av dei mest positive til å ta i mot flyktingar, og i denne omgang er det 6 nye rogalandskommunar som er spurde om å ta i mot flyktingar i 1994, mellom desse er Bokn og Rennesøy.

Dei fleste som skal busetjast, er flyktingar frå Bosnia-Hercegovina. Det vil vera behov for å busetja mellom 12.000 og 15.000 flyktingar i Noreg i 1994, og

Utlendingsdirektoratet ber alle kommunar om å busetje flyktingar. Det vil også bli behov for busetjing av mange flyktingar i 1995.

Tanken er at dei bosniske flyktingane skal venda tilbake til heimlandet når det blir fred, men dette kan også ta tid. Kommunane vert derfor bedne om å planleggja både med tanke på at flyktingane vil

venda tilbake, og på varig opphald i Noreg.

Utlendingsdirektoratet ber om skriftleg svar frå kommunen innan midten av mai, og dei ber då også om ein førebels tempoplan for busetjing i 1994, og ein omtale om korleis kommunen vil leggja til rette naudsynte tiltak med omsyn til bustad, norskopplæring, helsetenester m.v. Det vert understreka at det er viktig å tilretteleggja gode oppvekstvilkår både gjennom bumiljø, skuletilbod og tilbod til førskulebarn. Også kvalifisering for arbeidsmarknaden er ei viktig oppgåve.

Det er altså fleire tiltak enn berre bustader som skal leggjast tilrette ved eventuelt mottak av flyktingar.

I Rogaland er det til nå berre Forsand kommune av dei minste kommunane som har noko erfaring med mottak av flyktingar.

Bokn kommune har ikkje tatt stilling til forespurnaden ennå.

OKSEBÅSEN

FINS DET VAKRARE STAD PÅ JORDA?

Dette skreiv journalisten Dag Inge Sørbø for nokre år sidan i Stavanger Aftenblad i ein artikkelserie om vakre sommarminne. Han hadde minnet frå barndomstida kor han hadde feriert m.a. på heimstaden til mor si Inger som var fødd og oppvaksen i Oksebåsen.

I dag er det berre berre Marie Våge att av dei 5 barna til Sivert og Bertha Jørgensen. Ein av desse døydde alt i 1-års alderen.

Marie var yngst. Ho er nå 74 år og bur på heimgarden til ektefellen Vilhelm som døydde i 1974. Dei har 6 barn.

Marie ber alderen svært godt, og fortel levande om korleis dei hadde det i oppveksten. To kyr pluss sauer og høns var det som dei hadde ved sida av humrafiske, laksafiske og anna småfiske. Småbruket hadde lite dyrka jord, og låg heilt avsides og for seg sjølv. Dei dyrka korn, poteter og grønsaker til eige bruk. Graset måtte tørkast og berast inn. Ingen ting måtte gå til spille av det heller, for på våren kunne det ofte vera knapt med for til dyra, og då kunne det henda at dei måtte spe på med litt lyng eller kjøpa inn litt høy hos Lava og Lotte i Alvestadkroken. Dei brukte også å gje dyra litt halm som var blanda med høy. Om sommaren kunne det også

vera vanskeleg med gras på beite i utmarka dersom det var tørt. Men som regel gjekk det greit. Marie seier at i den tida kom ein aldri på at det kunne vera knapt om ting. Ein visste ikkje om noko anna liv, og trudde at slik skulle det vera. Dei hadde det dei trong, men måtte vera nøysomme.

Dei i Oksebåsen gjekk på skule på Hognaland. Det meste av skulevegen gjekk i utmarka fram mot Vatnaland. Dei rekna ein times tid kvar veg, men det gjekk nok ofte meir, avhengig av ver og vind. Sjølv hugsar Marie at syster hennar - Inger, måtte gå litt lengre i småskulen enn ho eigentleg skulle, fordi ho måtte fylgja minstejenta dei første åra. Ofte måtte dei ha med sko og sokkabyte på skulen, då dei vart gjennomvåte når dei gjekk over våtlende område. Det var ikkje regnkledde i den forstand som i dag, og kleda kunne bli nokså tunge når det regna og bles. I førstninga hende det at mora bar Marie langt på veg, og ho kom henne også i møte når ho kom gjennom marka på heimveg frå skulen. Dei frå Oksebåsen fekk oftast lesa først i siste lesetimen på skulen om vinteren, og så fekk dei starta på heimvegen før dei andre slik at dei skulle koma seg heim gjennom utmarka før det vart heilt mørkt. Det hende også at dei måtte vera heime frå skulen på grunn av storm og uver.


I den tida var det også to frå Ådnaneset som gjekk ei tid på skulen på Hognaland, og desse hadde også lang veg gjennom marka. Også frå Are gjekk dei fleste ein sti på vestsida av Hognåsen når dei gjekk til Hognaland på skulen.

Marie fortel at dei for det meste produserte den maten dei brukte sjølv. Fisk hadde dei, korn sende dei og fekk mjøl og gryn, og som nemnt poteter og grønsaker dyrka dei. Dei

kinna sjølv smør. Likevel var det alltid litt dei måtte kjøpa, og då kom det godt med at faren fiska laks og hummar som dei kunne selja.

I dagleglivet tenkte Marie aldri på at ho budde avsides. Som ungar gjekk dei stundom til Vatnaland om sundagane og var saman med dei ungane som var der.

Det var ein gild stad å bu, og Marie ville ikkje ha byta med nokon.



STEINAR ALVESTAD INN I MATVAREKJEDEN 'Nær Butikken'

For kort tid sidan skifta handelsmannen Steinar Alvestad i Alvestadkroken over frå K-kjeden til kjeden 'Nær Butikken'. Dette er eit resultat av den utviklinga som den siste tida har vore i grossist- og kjedeutviklinga her i distriktet. Steinar Alvestad fekk tidlegare varer frå Tveterås Engros i Stavanger. Då denne grossisten gjekk over til å bli eineleverandør til ein annan stor matvarekjede, måtte butikken i Alvestadkroken over til ny grossist. Ved å gå inn i 'Nær Butikk'-kjeden blei Køff ny grossist. Dermed måtte butikken i Alvestadkroken også skifta leverandør av m.a. kjøtvarer og iskrem.

Steinar Alvestad seier til bygdabladet at ein blir bunden av leverandøravtalar når ein går med i desse kjedene. Likevel bør ein vera med i ein kjede for å kunna tilby tilbudsvarer for å halda på kunder og eventuelt få nye. For hans del ser det ut til at skiftet til Nær Butikken-kjeden har slått positivt ut. Kjeden annonserer saman med Lønne-kjeden tilbudsvarer i ei felles 14- dagars tilbudsavis som blir sendt til husstandane.

MINNEORD

Målfrid Anna Øvrebø er død, 57 år gamal.

Målfrid Øvrebø, f. Jøsang er dotter av Ingeborg og Andreas Jøsang som til saman hadde 11 born. Av desse er det nå berre tre att.

Før ho vart gift med Kjell Øvrebø arbeidde Målfrid m.a. på hermetikkfabrikken i Føresvik.

Kjell og Målfrid fekk to barn som begge er gift, og dei har 4 barnebarn. Opp gjennom åra har Målfrid lagt ned eit godt og fint arbeid i heimen

og på garden. Ho har stelt for mann, barn og svigerfar, og har vore spesielt glad i barnebarna. Ho var eit menneske som hegna om heim og familie.

Målfrid hadde eit roleg vesen, og stakk seg ikkje fram.

Etter Målfrid lever ektefellen Kjell, dei to barna, svigerbarn, barnebarn, svigerfar og søsken.

BOKN FOLKEBIBLIOTEK



**BIBLIOTEKET -
gratis å spørje
gratis å få svar**



VAKSNE



Sandbakken, Gard Erik:
Kalde skudd

Skagen, Fredrik:
Nemesis

Andersen, Ola L.:
Pass

Småge, Kim
Sub Rosa



BARN OG UNGDOM

Wikander, Eva:
Dukkeoperasjonen

Lindgren, Astrid:
Da Adam Engelbrekt
ble illsint

Lykull, Anita Eklund:
Sølvdelfinen

Garvang, Arne:
Muffe tar saken



GOD PÅSKE !

KJERE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?



HOBBYEN MIN:

HUSMOR - SJÅFØR - ROSEMALAR

Intervju med Liv Lie

Av Liv Vatnaland

Bygdabladet har vore på besøk hjå ei aktiv dama. Liv er innflyttar til bokn. Familien kom hit i 1981 frå Sveio. Dei fyrste åra forpakta dei gard på Trosnavåg. Dei har no bygd seg nytt hus på nabogarden, og har utsikt som mange kan misunna dei. Og nå driv ho og mannen Jon Magne i lag som drosjesjåførar. Dei har og skulerute. Liv fortel at det i periodar kan bli ganske mykje kjøring. Men no har dei fast leigesjåfør, og etter at det kom i stand blei alt mykje greiare.

- Ja, og så veit me at du driv som rosemalar. Korleis får du tid til det? -

- Å, det er ei skikkeleg god avkobling for meg, den hobbyen elsker eg.

- Kva tid byrja du å mala? -

Interessa byrja i 13-års alderen, men då teikna eg berre på matpapir. Får ein til 'konturane' er ein komen godt i gong. Så eg var 17-18 år før eg byrja med fargar.

- Er det andre i din familie som malar? -

- Ja, ei søster. Og så han far (Hans Mølster) mala i alle år så lenge eg kan hugsa. Så det var han som fekk meg til å byrja. Far var sjølvlærd. Det var ikkje kurs og slikt i hans ungdom. Men han gjekk på eit 8 vekers kurs på Sand Yrkesskule etter at han var gift. -

Vidare fortel Liv at ho var 19 år då ho fekk fyrste malaroppdraget. Det var ei kiste. Liv meinte ho kunne for lite, men denne mannen hadde sett ei dør ho hadde mala som var så fin. Seinare blei det fleire småting ho mala på bestilling.

- Har du tatt noko utdanning i rosemaling? -

- Som sagt lærde eg av far. Så blei det eit kurs seinare. Og i 1980 fekk eg privatlære hjå ein landskjend rosemalar ei veke. Det var Knut Hovden i Lunde i Telemark. Eg var utruleg heldig som fekk koma til han. Eit heilt anna 'liv i rosene' etter den lærdomen. Seinare var eg ei veke hjå Egil Dahle i Telemark og lærde å mala utan mønster. Det er ein mann som er flink i alt innan kunst.

Då eg flytta frå Sveio til Bokn merka eg at interessa for rosemaling var større her i Bokn. Og då fekk eg lyst til å setja i gang og mala for salg. Det er helst om hausten i periodar eg malar. Tek fri frå drosjen og set meg ned nokre timar.

- Er du på messer og sel produkta dine? -

- Nei, eg likar best å selja frå eiga stove.

- Forstår me deg rett at folk berre kan koma med ting og få dei mala av deg? -

- Ja, det likar eg veldig godt.

- Veit du kor mange kister du har mala til denne tid? -
- Det nærmar seg sikkert 30.-
Mens Liv seier dette, set ho fram i

sofaen nokre av arbeida sine. Flotte ting er her: Klokke, fat, boller, tiner, kostar. Ja, me er heldige som kan ha dette tilbudet i bygda vår.

BOKN HANDELSLAG VIL TA I BRUK BUTIKKDATA I KASSANE

Dataalderen innhentar det meste. Også Bokn Handelslag vil om ei tid ta i bruk datautstyr til avlesing av strek-kodane som fins på dei fleste vareslaga. Ved oppgjær i kassen blir prisane automatisk registrert i kassen ved at kassaoperatøren fører strekkoden forbi eit "auga". Dette er noko som har eksistert i lengre tid særleg i større varesentra, og det medfører nok noko nedkorting i ventetida ved kassane. Styrar Annbjørn Sunde seier at dei vil venta med å innføra systemet til dei er sikre på at dei har full kontroll på at det fungerer som det skal. Når systemet blir sett i gang, vil det ikkje bli nødvendig å ta vare på kassalappane for å få kjøpeutbyte. Summane for det ein handlar for vil bli registrert på eit eige kundenummer. Bokn Handelslag har for 1994 garantert 5% kjøpeutbyte. I Agder/Rogaland

distrikt er dette den einaste butikken innan forbrukar kooperasjonen som har så høgt kjøpeutbyte.

Ved årsmøtet til Bokn Handelslag den 23.mars gjekk det elles fram at Bokn Handelslag har sett i gang tiltak for å få ned tap på uteståande krav. I 1993 var dette på heile kr. 123.265,-.

Årsoverskotet i 1993 var elles på kr. 286.558,-. Frå 1992 til 1993 har omsetninga gått ned frå 12.095.062,39 til kr. 11.635.403,97. Årsmeldinga fortel at dette hovudsakeleg skuldast at omsetninga av driftsmidlar sviktar, men at varehandelen hadde ein auke på 2,5% frå året før. Når ein tek i betraktning avt prisfallet på daglegvarer har vore 2%, er i realiteten omsetningsauken på daglegvarer 4,5%.

ÅRSMØTE I BOKN KR.F.

Måndag den 7. februar vart det halde årsmøte i Bokn Kr.F. på Boknatun.

Årsmelding og rekneskap blei godkjendt.

Det var val av leiar, to styremedlemer og to varamedlemer, og styret er nå slik samansett:

Leiar: Sverre Øvrebø
Nestleiar: Sigurd Johnny Svendsen
Styremedl: Gunvor Øvrebø
Ingrid Blikshavn
Harry Vågshaug
Varamedl: Eva Brunborg Svendsen
Sigmund Alvestad
Fylkesleiar i Rogaland, Jan Birger Medhaug, deltok på årsmøtet. I

innlegget sitt kom han m.a. inn på verdi-spørsmålet. Det er fleire andre parti som går inn for verdiar, men det er berre kr.F. som legg så stor vekt på dei kristne grunnverdiane.

Viktige Kr.F. saker er vern av liv og etiske normer. Medhaug kom og inn på genteknologi. Bokn Kr.F. har i 1993 særleg vore oppteken av stortingsvalet. Rogaland Kr.F. lukkast med å få inn to faste distriktsmandat: Einar Steensnæs og Hilde F. Johnson.

Ingrid Blikshavn
sekr. Bokn Kr.F.

ÅRSMØTE I ARBEIDARPARTIET

Fredag 18. mars kl. 19.00, heldt Bokn Arbeidarparti sitt årsmøte på Boknatun.

Årsmøtet inneheldt vanlege årsmøtesaker s.s. årsmelding, rekneskap og val.

For 1994 valde årsmøtet samrøystes dette styret:

Leiar: Arne Hosaas
Nestleiar: Marie Løvoll Faye
Skrivar: Ingjerd Thuestad
Kasserar: Svein I. Langhelle
Styremedl: Marit Markhus

19. - 20.mars hadde Rogaland AP sitt årsmøte i Stavanger, og Gunnar Bokneberg var Bokn AP sin utsending til årsmøtet.

Årsmøtet hadde òg ein gjest frå

Rennesøy AP/Fylkesstyret - Sølvi Ona Gjøl - og ho innleidde til diskusjon kring emnet 'Ny kommunestruktur'. Ho gav ei interessant historisk oversiktog hadde mange synspunkt på arbeidet i eigen kommune og frå mange andre kommunar som har dreve ulike forsøk dei siste åra. Dette var mykje nyttig informasjon føre dette arbeidet i vår kommune. Kring ein god kopp kaffi, hadde årsmøtet og fatt i kommunale saker siste året og ser mange store utfordringar i året som kjem.

For Bokn AP
Ingjerd Thuestad
skrivar

RÅDYRJAKT PÅ BOKN.

Sidan rådyret dukka opp på Bokn rundt midten av 1980-talet har rådyret blitt meir og meir vanleg å sjå. Mange har ytra ynskje om å opne for jakt på rådyr i kommunen.

Sommaren 1993 vart det utført eit registreringsarbeid med tanke på å vurdere rådyrbestanden. Arbeidet vart konsentrert om å registrere feiemerke etter vaksen råbuk. Registreringa synte at rådyret er spreidd over det aller meste av Vestre Bokn.

Rådyret trivest i eit varriert landskap med innmark, skog og lyngmark slik vi finn det her i kommunen. Dei milde vintrane med lite snø passar også bra for rådyret. Andre stader i landet er det vanleg at store deler av rådyrbestanden ikkje overlever snørike vintrar.

Rådyret formeirar seg raskt. Vanlegvis får rådyret 2



kalvar, og ofte 3. Slik aukar rådyrbestanden, dersom forholda elles ligg til rette mykje raskare enn t.d. hjorten som berre får ein kalv.

Viltnemda vurderer det slik at det er forsvarleg å opne for rådyrjakt, og vil søkje fylkesmannen om dette.

Viltnemda/ miljøvernleiaren

NY TANNLEGE

Frå mars har det vore ny tannlege i Bokn. I tillegg til Kari Gaustad Pettersen som har tannbehandling av barn og ungdom på tysdagar, er det nå ein svensk tannlege som er på Bokn på torsdagar for behandling av vaksne. Han heiter Per Gunnar Fernheim.

Mens det er tannlegemangel i Norge, er det rikeleg med tannlegar i Sverige. Han fortel til bygdabladet at det er litt forskjell på det arbeidet tannlegane utfører i dei to landa. I Sverige er det vanleg at dei lokale tannlegane utfører det meste av det

tekniske arbeidet med proteser o.l. I Norge blir dette utført av spesialistar. Det er også ei anna trygdeordning i Sverige som dekker meir av tannlegerekninga, men dette er visstnok i ferd med å endrast nå. For tannhelsetenesta i Bokn var det nå på tide at ein fekk supplert med tannlege for vaksne igjen. Det var nå lang tid sidan ein hadde kunna kalla inn vaksne til behandling. Dette er nå i ferd med å endra seg, og ein slepp då å reisa 'av landet' for å få tannbehandling.



BOKN KOMMUNE
MUSIKKSKULEN
4290 BOKN
Tlf. 52 74 85 00

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 94/95

Musikkskulen vil denne gong ikkje gå ut med like stort aktivitetstilbod som tidlegare.

Frå 20 ulike tilbod i fjor må me i år redusera til 9. Dette beklager me sterkt, men av forskjellige grunnar er me komne i ein slik situasjon.

MED FORBEHOLD KAN MUSIKKSKULEN TILBY :

- ASPIRANT TIL SKULEKORPSET
- GITARGRUPPE
- LEIKARRING
- MUSIKK/DRAMA/FORMING I SKULEFRITIDSORDNINGA
- ORGEL
- PIANO
- SAXOFON
- SOLOSONG

(Påmelding til keyboard stod i forrige "Bokn Bygdablad")

KOMMENTARAR TIL AKTIVITETANE :

ASPIRANT TIL SKULEKORPSET

Det er her dei fleste lærer å spela korpsinstrument, og då går barna vanlegvis i 2. eller 3.klasse. Ein 2. klassing har ikkje problem med å fylgja lærarverket som blir brukt.

BARN I 4.KLASSE OG OPPOVER KAN SJØLVSAGT OGSÅ BLI ASPIRANTAR - SKULEKORPSET TRENG MEDLEMMER !

ASPIRANTEN BLIR FLYTTA OVER I HOVUDKORPSET NÅR TIDA ER MODEN FOR DET - VANLEGVIS ETTER TO ÅR.

INSTRUMENTET BLIR UTLEVERT RETT FØR SOMMARFERIEN ELLER VED OPPSTARTINGA TIL HAUSTEN.

ASPIRANTUNDERVISNINGA ER GRATIS!

GITARGRUPPE

Tilbodet omfattar samspel i gruppe. Musikkskulen har ei aktiv gitargruppe, og det er muligheter å bli med i denne med litt gitarbakrunn.

Spelinga skjer vanlegvis etter akkordar (talsymbol) saman med eit anna melodiinstrument eller at gitaristane syng medan dei spelar.

LEIKARRING

Musikkskulen tilbyr leikarring for NYBEGYNNARAR.

Tilbodet gjeld for ungdom/vaksne. Aldersgrense: 7. klasse.

MUSIKK/DRAMA/FORMING I SKULEFRITIDSORDNINGA

Dette er eit tilbod for barn frå 6 år t.o.m. 3 klasse. Aktiviteten foregår mellom kl. 12.30 og 14.00, og er i første rekke for dei elevane som er under skulefritidsordninga. Men tilbodet er også for elevar i rette aldersklassen som ikkje er med på skulefritidsordninga.

Denne aktiviteten er prosjektbasert; går inn i den lokale læreplanen til grunnskulen, og jobbar fram mot store arrangement som juleavslutninga, "prosjektveka" og skuleavslutninga. Dette kan vera eit skodespel der dei som ikkje vil opptre på scenen jobbar me kostymar, kulissar, plakatar og andre formingsaktivitetar.

ORGEL

Musikkskulen gir her opplæring på både elektrisk orgel og kyrkjeorgel.

PIANO

Her blir det gitt opplæring på det klassiske pianoet.

SAXOFON

Musikkskulen har hatt saxofon-undervisning i eit år no.

Det er forholdsvis enkelt å læra seg dette instrumentet. Grepa kan me lett samanligna med blokkfløyte-grep. Det heiter også at viss du har spilt eller spelar tverrfløyte klarar du lettå spela saxofon.

SOLOSONG

Er du veldig glad i å syngja og har lyst til å syngja meir åleine saman med piano m.m., er dette tilbodet for deg. Her blir det jobba med å utvikla stemmen din.

VISS DU LURER PÅ KVEN SOM ER LÆRAR(ANE) PÅ DEI FORSKJELLIGE
AKTIVITETANE KAN DU TA KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.

Som tidlegare år må eg gjera merksam på ventelister, og det
lønner seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på noko.

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan
altså begynna. Dersom du lurar på om tida er moden for
aktivitets-start for ditt barn, skal me sjølvstøtt prøva å hjelpa
deg med dette.

MUSIKKSKULEN HAR OGSÅ EIT GODT SAMARBEID MED
FYLKEMUSIKARANE, OG DET KAN BLI AKTUELT Å SENDA ELEVAR
SOM YNSKJER DET TIL HAUGESUND. PR. I DAG HAR ME 2
ELEVAR SOM HAR UNDERVISNING HOS FYLKESMUSIKARANE.

TA ELLERS KONTAKT MED MUSIKKSKULEN VISS DU HAR ANDRE SPØRSMÅL.

KVA KOSTAR DET ?

HALVÅRSSATSAR FOR ELEVBETALING

FRÅ 01.01.94

| | | |
|-----------------------------|------------------|-----------|
| EINETIMAR | (30 min./veke) | KR. 765,- |
| INSTRUMENTALGRUPPER | (90 min./veke) | KR. 530,- |
| KOR, LEIKARRING, DRAMA M.V. | (90 min./veke) | KR. 400,- |
| ASPIRANTOPPLÆRING | | KR. 400,- |
| INSTRUMENTLEIGE | | KR. 150,- |


(Ei gruppe vil seie 2 eller fleire.)

30 % SYSKENMODERASJON PÅ DEN RIMELEGASTE AKTIVITETEN.

Det kan bli aktuelt med gruppe-undervisning på fleire aktivitetar
enn vanleg dersom pågangen til elevplassar blir stor.
Musikkskulen vil då kontakta elevane når den tid kjem.

FOR PÅMELDING KRYSS AV
PÅ SKJEMAET NESTE SIDE
OG LEVER/SEND DET TIL
MUSIKKSKULEN.

Bokn, 25.03.94


Jardar Havikbotn

- rektor -



BOKN KOMMUNE
MUSIKKSKULEN
4290 BOKN
Tlf. 52 74 85 00

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 94/95

Viss fleire i fam.
ynskjer plass, set
de kryss i den
aktuelle ruta bak
aktiviteten.

NAMN : 1. _____
2. _____
3. _____
4. _____

| | 1. | 2. | 3. | 4. |
|---------------------------|----|----|----|----|
| ASPIRANT TIL SKULEKORPSET | | | | |
| GITARGRUPPE | | | | |
| LEIKARRING, UNGDOM/VAKSNE | | | | |
| M./D./F. I SKULEFRITIDSO. | | | | |
| ORGEL | | | | |
| PIANO | | | | |
| SAXOFON | | | | |
| SOLOSONG | | | | |

KLIPP

SØKNADSRIST FREDAG 29. APRIL

KARMSUND MÅLLAG

Årsmøte - Bokn

Karmsund Mållag har årsmøte søndag 10. april kl. 15.00 i kommunehuset 'Boknatun' på Bokn.

Skulemålsskrivar Sissel Anny Hjelmtveit innleier om "Målrørsla - på nye vegar"?

Vanlege årsmøtesaker. Utdeling av målpris. Kulturinnslag. Mat og kaffi.

Alle interesserte velkomne!

Særleg innbedne blir nye medlemmer av Bokn Mållag og Norsk Målungdom - saman med andre interesserte boknarar!

KJELLAR- OG LOFTSRYDDING

RENOVASJON I PÅSKEN OG I MAI

Innsamling av større ting som ikkje går i bossekken i Bokn torsdag den 21. april. Grovavfallet må setjast saman med sekkene då innsamlinga vil gå føre seg den dagen renovasjonsruta går.

Pass på at ingenting heng laust.

Eks. på grovavfall: kvitevarer, sykklar, møblar, dører m.v.

I påskehelga og i mai vert renovasjonskjøringa endra slik:

Ruta torsdag 31.03. (skjærtorsdag) blir køyrd torsdag 07.04.

Ruta torsdag 12.05.Kr.h.f.dag blir køyrd torsdag 19.05.

TORANESET RENOVASJONSSELSKAP



BOKN KOMMUNE
KULTURKONTORET
4290 BOKN
Tlf. 52 74 85 00



FYLKESMØNSTRINGA

gjekk av stabelen i "Tysværtunet" 19. og 20. mars. Då kom 400 ungdommar frå 23 kommunar i Rogaland saman og hadde si årlege mønstring av kultur. Tysvær folkebibliotek var fullt av forskjellige formingsarbeider, og i storesalen var der tre forestillingar i løpet av helga.

Innslaga frå Bokn gjekk veldig bra! Stemninga i den fullsatte salen var på topp, og alle innslaga våre fekk trampeklapp! Underteikna er mektig imponert over den roen og selvfølgeligheten deltakarane våre viste under innslaga. Det er ikkje lett å eksponera seg totalt med ca. 400 stk. i salen, så ungdommane frå Bokn gjorde ein kjempeinnsats!

At ikkje nokon av våre innslag skal representera Rogaland i landsmønstringa seinare i vår er ikkje det viktigaste. Av dei 400 deltakarane var det 22 stk. som blei plukka ut, og til neste år er det kanskje Bokn sin tur.

Desse representerte Bokn kommune i år :

"KRAFTFOR-JENTENE"

Lene Jensen
Hilde L. Sæbø
Björg S. Lie
Elise M. Tollaksen
Hanna Aksdal

"BARE DU"

Trond G. Christiansen

"STUDIO 2"


Anja Alvestad
Elin Borgenvik
Mariann Skjelde
Brit Nesvik
Bjarne Våga
Grete J. Grønnestad
Kjartan Jensen
Anne M. Faye
Daghild Grønnestad
Monica Lindanger
Kirstin Hosaas
Ellen E. Ognøy

Det var nytt i år at mønstringa gjekk over to dagar. Laurdagen blei det arrangert forskjellige kurs til samtlege deltakarar. Desse hadde relevans til det deltakarane var påmelde i. Kurser skulle gi støtte, oppmuntring og inspirasjon til vidare aktivitet.

Nytt for året var også at deltakarane fekk tekniske prøvar på scenen før opptreden. For dei nærliggande kommunane blei dette dagane før fylkesmønstringa, og for oss frå Bokn var det ein stor fordel å få avvikla dei tekniske prøvane på førehand.

I det heile tatt har fylkesmønstringa utvikla seg veldig positivt sidan den spede byrjinga i 1988. Åra med maratonkonsertar med lyd- og lys-kaos er forbi. Ungdommens kulturmonstring har fått sin eigen post på kulturbudsjettet i Rogaland. Ungdommen blir "tatt på alvor", og mønstringa er komen for å bli!

Ein stor takk til leiarane Per Nesvik og Sigrunn Hole Hosaas, og til dei foreldra som hjelpte til med transport!


Jardar Havikbotn
- kulturleiar -



BOKN KOMMUNE
KULTURKONTORET
4290 BOKN
Tlf. 52 74 85 00

KULTURMIDLAR 1994

Alle lag, foreningar og enkeltpersonar som driv med kulturaktivitetar i Bokn kan søkja om tilskot for 1994.

Retningsliner og søknadsskjema får ein ved å henvenda seg til kulturkontoret på skulen.

SØKNADSRIST ER 6. MAI 1993

VER MERKSAM PÅ AT SØKJADER SOM KJEM INN ETTER FRISTEN IKKJE BLIR BEHANDLA.

STØNAD TIL DELTAKING PÅ

KURS/KONFERANSAR.

Kulturstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/konferansar som tek sikte på skolering av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn.

Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre deltakarar frå foreningar og lag i Bokn kommune.

Søknad skal sendast etter at kurset er avslutta, saman med fylgjande opplysningar :

- kurslengd
- arrangør
- program
- opphalds- og kursavgift
- namn på kursdeltakarane frå laget

Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds og kursutgifter. Det kan ytast stønad til maks. 2 personar frå same lag til same kurs.


KULTURKVELDAR

TRADISJONSMAT

Kulturkveldane i tradisjonsmat har "tatt av" slik Solveig Ellingsen sa det på NRK-Rogaland.

Grappa som held på vil slutta av for "sesongen i løpet av april. Det er heilt fullt med matglade personar på skulekjøkkenet, og me kan dessverre ikkje ta inn fleire denne gong.

Men tilbodet kjem igjen til hausten!


Jardar Havikbotn

- kulturleiar -



BOKN KOMMUNE

*Tilskot til reduksjon av bu-
utgifter for alders- og uføre-
og etterlattepensjonistar.*

Sosialdepartementet har stilt midlar til disposisjon som skal nyttast til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Alders- uføre- og etterlattepensjonistar som har låg inntekt kan søkja om tilskot. Tilskotet er eit supplement til pensjonsytning frå Folketrygda og bustønad frå Husbanken.

Pensjon pr. 01.01.94 vert lagd til grunn, pluss ev. andre inntekter som renteinntekt, tilleggspensjon eller andre inntekter.

Søkjar må ikkje ha større inntekter enn summen av folketrygda sin minstepensjon og andre inntekter med inntil 30 % av minstepensjonen.

Søkjarar som fekk tilskot i fjor vil få tilsendt skjema for 1994.

Andre kan få nærare opplysningar, søknadsskjema og hjelp til utfylling ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist er 30. april 1994

Helse- og sosialsjefen

BOKN AVLØYSARLAG

Den 9. mars hadde Bokn Avløysarlag årsmøte. Då hadde laget hatt arbeidsgjevaransvar i over eitt år. I 1993 har laget hatt 1 fast tilsett og 53 deltidstilsette. Det er utbetalt kr. 1.021.400,- i løn.

Under vala vart Trygve Alvestad vald til ny leiar og Jens Morten Vatnaland blei vald til nytt styremedlem. Frå før er Jan Are i styret, og han er nestleiar.

Planane for 1994 er at ein vil få i gong tilleggsaktivitetar (bygdeservice). Her tenkjer ein seg ei ordning der kven som helst i Bokn kan ringja til Avløysarlaget og be om å få utført eit arbeid. Dette kan til dømes vera vasking og måling av hus, rydding eller planering av hage eller andre ting. Avløysarlaget vil då prøva å skaffa folk som kan utføra dette arbeidet, føreta utlønning og senda rekning til den som har fått arbeidet utført.



UTDELING AV MIDLER



Som eit resultat av betre tider i SR-BANK, ønskjer SR-BANK Bokn å ta opp att den tidlegare tradisjonen med å dela ut midler til lag og foreningar i Bokn.

I staden for å dela ut litt til alle, vil banken satsa på nokre få av søkjarane kvart år.

Vi vil gjerne favorisera lag som jubilerer eller skal ha arrangement eller tiltak som er spesielle dette året.

Banken ser slik støtte som ein del av vår lokale marknadsføring og vil også vurdera søknadane ut frå den marknadsføringsverdi dette kan ha for banken.

Midlene er særleg tenkt retta mot barn og ungdom, og i søknaden er det greit om ein opplyser kva midlene er tenkt brukt til.

Søknadsfrist er 20. april. Søknaden vert å senda til banken, og vi kan også bidra med ytterlegare informasjon vedr. søknaden.

Boknarane har i 1993 brukt lokalbanken meir enn nokon gong før, dette er vi glade for og det set oss også i stand til å gje eit enno betre tilbud til kundane våre.

Tenkjer du på banktenester eller har spørsmål vedr. økonomi er du hjerteleg velkommen innom.

*Helsing
Arne og Bjørg*



BOKN KOMMUNE *Kommunale avgifter*

Bokn kommunestyre har i møte 15. des. 1993 vedtatt følgjande satsar (ekskl. meirverdiavgift):

| | |
|--|--------------|
| VASSAVGIFT: Tilknytingsavgift: Minsteavg. inntil 150 m2 | kr. 6.978,00 |
| Avg. for areal utover dette pr. m2 | kr. 52,00 |
| Årsavgift: Hus: Minsteavg. for inntil 250 m3 forbruk | kr. 732,00 |
| Hytter: Minsteavg. for inntil 125 m3 forbruk | kr. 363,00 |
| Forbruk utover dette pr. m3 | kr. 3,10 |
| KLOAKKAVGIFT: Tilknytingsavgift: Minsteavg. (hus inntil 150 m2) | kr. 6.593,00 |
| Avgift for areal utover dette pr. m2 | kr. 17,60 |
| Årsavgift: Hus, avrenning for inntil 250 m3 | kr. 598,- |
| Hytter, avrenning for inntil 125 m3 | kr. 296,- |
| SLAMAVGIFT: | kr. 416,- |
| RENOVASJONSAVGIFT: Årsavgift: Bustadeigedom | kr. 728,- |
| Hytteigedom | kr. 416,- |

Nærare opplysningar om avgiftene kan ein få ved teknisk etat.

Teknisk sjef

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-

Halv side: kr. 150,-

1/4 side: kr. 75,-

1/8 side: kr. 50,-

Små privatamonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

ARRANGEMENT:

10.04: Karmsund Mållag har årsmøte
kl. 15.00 på Boknatun.

13.04: Pensjonistforeninga har møte
kor m.a. kosthold i eldre år
vert emne.

20.04: Basar - Sjømannsforeninga.

30.04: Elevkonsert på dagtid.



KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE
17. april kl. 14 på kyrkjebygd skule

ELDRE HUS TIL SALGS
i Føresvik
Selges til høystbydende
Tlf. 79 02 14 75 etter kl.19.00

TOHJULSTRAKTOR
med slåmaskin ønskes kjøpt
Tlf. 52 74 86 85

31.03: kl. 11.00 Gudsteneste
v/sokneprest Aurdal. Nattverd
03.04: kl. 15.00 Gudsteneste v/
sokneprest Aurdal. Offer M.F.
24.04: kl. 11.00 Gudsteneste v/
sokneprest Aurdal.
Løftefornyelse for speidarane.

FOTPLEIE
Onsdag den 13.april.
Påmelding til sosialkontoret i tlf.
52 74 85 00

LENSMANN
1.fredag i kvar mnd. kl.10-12 i
Boknatun